



Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 19/9767-1

Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i valperioden 2015 - 2019

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Resultatet av evalueringa av arbeidet i kontrollutvalet i perioden 2015 – 2019 vert å sende til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune 2019 - 2023

Vedlegg:

- Evalueringsskjema

Andre relevante dokument i saka:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

I 2016 ga Kommunal- og Moderniseringsdepartementet (KMD) ut 2. utgåve av kontrollutvalsboka.
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/kontrollutvalgsboken/id2468270/>

Boka er utarbeidd for å styrke arbeidet med eigenkontrollen i kommunane. Vi er kjent med at KMD har planar om å utarbeide ei 3. utgåve av boka som tek omsyn til endringane som kjem i ny kommunelov med forskrifter, som skal tre i kraft hausten 2019

Kapittel 11 i boken omhandlar ”Oppfølging og evaluering” av kontrollutvalet, sekretariatet og revisjonen sitt arbeid. I dette kapittelet står bl.a. dette:

«Det kan vere nyttig for kontrollutvalet å evaluere eige arbeid jamleg. Målsetjinga er å sørge for kontinuerleg læring og forbetring ved å fokusere på korleis kontrollutvalet fyller sin kontroll- og tilsynsfunksjon. Kontrollutvalet si samhandling med sekretariatet og revisjonen bør vere ein del av evalueringa. Evalueringa kan gjerne gjennomførast som ein dialog med revisor og sekretær, dersom dette ikkje er til hinder for at kontrollutvalet kan snakke ope og ærleg om sine erfaringar. Sentrale spørsmål vil vere om kontrollutvalet sine forventingar blir innfridde, om saker blir tilstrekkeleg førebudde og korleis samhandlinga kan bli endå betre.

Det kan skrivast referat frå evalueringa. Dersom ein identifiserer forbettingsområde, bør ein foreslå konkrete tiltak. Det er også viktig at kontrollutvalet sine samhandlingspartnarar får høve til å evaluere arbeidet til kontrollutvalet og kome med innspel til forbettingsområde. Både kommunestyret og administrasjonen kan ha verdifulle erfaringar som kan vere med på å gjøre kontrollutvalet sitt arbeid endå betre. Å invitere desse aktørane med på ei evaluering kan også medverke til å synleggjere og forankre kontrollutvalet sitt arbeid.

Når kontrollutvalsperioden går mot slutten, er det viktig å leggje til rette for erfaringsoverføring til neste kontrollutval. Det er ein føremon at ikkje alle medlemmene blir skifta ut, slik at ein sikrar ein

viss kontinuitet i arbeidet til utvalet. Sekretariatet og revisjonen vil også vere med på å halde oppe stabilitet. Det er uansett avgjerande å etablere ein god praksis for erfaringsoverføring.»

2. Vurderingar

No er snart valperioden 2015 – 2019 ferdig og det kan, etter sekretariatet si mening, være bra at det blir gjennomført ei evaluering av det arbeidet kontrollutvalet har gjort i denne valperioden i tråd med det som går fram over. Dette kan gjerast f.eks. ved at kontrollutval, sekretariat og revisjon saman drøfter aktuelle spørsmål som omhandlar evaluering og erfaringsoverføring til nytt kontrollutval. Sekretariatet har utarbeidd eit skjema med forslag til spørsmål som kan brukast i ei slik evaluering. Skjemaet ligg ved. Ordførar og rådmann er også invitert til å delta i evalueringa.

3. Konklusjon

Sekretariatet rår til at det blir gjennomført ei evaluering i dette møtet. Evalueringa bør resultere i eit forslag til ev. endringar/forbetringar i rutinane som kan gjere arbeidet med eigenkontrollen endå betre. Resultatet av evalueringa bør leggast fram for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune for valperioden 2019 – 2023.